



Innkalling av Valnemnda

Møtedato: 10.06.2020
Møtestad: Møterom, Kulturkontoret Knarvik
Møtetid: 15:00 -

Eventuelle forfall må meldast til Tove-Mette Arnø Fyllingen per tlf. 47464145, sms til eller per epost til ftm@lindas.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Sakliste

Saknr	Tittel
012/20	Godkjenning av innkalling og sakliste
013/20	Godkjenning av møteprotokoll
014/20	Val av styremedlemmar og varamedlemmar til Knarvik industri og miljø AS
015/20	Val av styremedlemmar og varamedlemmar til Lindås tomteselskap AS
016/20	Val av medlem i styret til Nasjonalforeningen Meland helselag 2020-2023
017/20	Val av utsending til årsmøtet i stiftinga Nordgardsløa 2020 - 2023
018/20	Val av styre til David Johnsens fond for ungdom til vidare utdanning
019/20	Val av styre til samlelegat for Lindås kommune
020/20	Val av styret til stiftelsen Olaug og Reidar Rambergs Legat
021/20	Val av representantar til Legat- og testamentstyre ved Meland sjukeheim
022/20	Val av skjønnsmedlemmar for perioden 01.01.2021 - 31.12.2024
023/20	Val av meddommarar til Nord- og Midhordland jordskifterett for perioden 01.01.2021 - 31.12.2024
024/20	Val av meddommarar til Bergen tingrett for perioden 01.01.2021 - 31.12.2024
025/20	Val av meddommarar til Gulating lagmannsrett for perioden 01.01.2021 - 31.12.2024

3. juni 2020

Øyvind Oddekalv
møteleiar

Tove-Mette Arnø Fyllingen
møtesekretær

Arkiv:
JournalpostID: 32T
Saksbehandlar:
Dato: 03.06.2020

Saksframlegg

Saknr.	Utvalg	Møtedato
012/20	Valnemnda	10.06.2020

Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Arkiv:
JournalpostID: 32T
Saksbehandlar:
Dato: 02.06.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
013/20	Valnemnda	10.06.2020

Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent.

Vedlegg i saken:

14.05.2020 Protokoll - Valnemnda - 14.05.2020

1391349



Møteprotokoll for Valnemnda

Møtedato: 14.05.2020
Møtestad: Teams
Møtetid: 10:30 - 10:45

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Øyvind Oddekvalv	AP	Utvalsleiar
Jostein Hellestveit	SP	Medlem
Astrid Aarhus Byrknes	KRF	Medlem
Nils Marton Aadland	H	Medlem
Leif Johnsen	MDG	Medlem
Torbjørn Taranger	SV	Medlem
Sveinung Toft	V	Medlem
Hendrik Weber	R	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Morten Klementsens	FNB	Nestleiar
Nina Stabell Øvreås	FRP	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Maria Færø	FNB	Morten Klementsens
Roy Bø	FRP	Nina Stabell Øvreås

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Martin W. Kulild-ass.rådmann, Tove-Mette Arnø Fyllingen-sekretær

Sakliste

Saknr	Tittel
009/20	Godkjenning av innkalling og sakliste
010/20	Godkjenning av møteprotokoll
011/20	Søknad om permisjon/midlertidig fritak frå politiske verv u.off.jf.off.lova § 13 3.ledd

009/20: Godkjenning av innkalling og saksliste

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Valnemnda 14.05.2020:

Handsaming:

Ingen merknader, samrøystes.

VALN- 009/20 Vedtak:

Innkalling og saksliste er godkjent.

010/20: Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent.

Valnemnda 14.05.2020:

Handsaming:

Ingen merknader, samrøystes.

VALN- 010/20 Vedtak:

Møteprotokollen er godkjent.

011/20: Søknad om permisjon/midlertidig fritak frå politiske verv u.off.jf.off.lova § 13 3.ledd

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Torbjørn Taranger blir innvilga permisjon frå alle politiske verv til og med 31.07.20.

Valnemnda 14.05.2020:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

VALN- 011/20 innstilling:

Torbjørn Taranger blir innvilga permisjon frå alle politiske verv til og med 31.07.20.

Arkiv: FE-033
JournalpostID: 32T
Saksbehandlar:
Dato: 03.06.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
014/20	Valnemnda	10.06.2020

Val av styremedlemmar og varamedlemmar til Knarvik industri og miljø AS

Valnemnda sitt framlegg til vedtak:

Nye styremedlemmar til KIM AS er:

- .
- .
- .

Styreleiar:

- .

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i valnemnda

Saka skal avgjerast i generalforsamling Knarvik industri og miljø AS (KIM)

Bakgrunn

Det er generalforsamling for KIM AS 11.06.2020. Generalforsamlinga skal velja nytt styre og styreleiar.

På val:

Jan Åge Johannessen – leiar

Henriette Stormark

Trude Hosøy Andersen

Tilsettrepresentant til styret (Gunnlaug Bastesen Dale)

Ikkje på val:

Leidulv Brunborg – nestleiar

Kåre Østrem

Astrid Namtvedt Sylta

Vara:

1. Kjetil Melvær
2. Anita Høgquist

Vedlegg i saken:

03.06.2020 Vedtekter KIM

1399824

VEDTEKTER FOR KNARVIK INDUSTRI OG MILJØ AS.

1. Namn:
Verksemnda sitt namn er Knarvik Industri og Miljø AS
2. Forretningskontor:
Verksemnda sitt forretningskontor er i Lindås kommune.
3. Formål:
Verksemnda er oppretta for å ivareta viktige sosialpolitiske føremål i Lindås kommune. Gjennom å leggje til rette og tilby tenester kommunen har trong for i sitt virke , skal verksemnda kunne fungere som kommunen sitt fremste organ for arbeidstrening, habilitering, rehabilitering, attføring, aktivisering og varig verna arbeid for menneske som har trong for slikt arbeid i regi av kommunen.
Verksemnda skal vere tiltaksarrangør for arbeidsplassar for yrkesvalhemma arbeidstakarar i regi av NAV.
4. Aksjekapital:
Verksemnda sin aksjekapital er kr.600 000,- fordelt på 600 aksjar a kr. 1000,-. Lindås kommune eig alle aksjane i verksemnda. Det skal ikkje betalast utbytte av aksjane.
5. Styret:
Verksemnda sitt styre skal vere samansett med inntil 8 representantar . 7 av representantane og 2 vararepresentantar skal vere frå eigaren . Ein av dei som sit i styre skal vere frå dei tilsette. Tilsette vel sjølv sin representant med personleg vararepresentant. NAV , rådmannen og ordføraren har rette til å stille med ein observatør kvar på styremøta og på generalforsamlinga. Observatørane har tale og forslagsrett . Arbeidet i styret er regulert gjennom kap 6 i aksjelova. Styret skal såleis ha utarbeidd styreinstruks etter § 6 – 23. Styreleiar saman med 2 styremedlemmer teiknar verksemnda.
6. Generalforsamling:
Lindås formannskap er generalforsamling i verksemnda og skal kallast inn etter § 5-5 i aksjelova. Generalforsamlinga vel styre og styreleiar . Styret sine medlemmer skal veljast for 2 år , men slik at halvdelen av styret står på val årleg. Styreleiar vert vald for 1 år om gongen. Ekstraordinær generalforsamling skal kallast inn etter reglane i aksjelova § 5 - 6
7. Rådgevinge utval:
Som tiltaksarrangør for NAV skal verksemnda ha eit rådgevinge utval. Utvalet si samansetning og oppgåver skal vere i tråd med reglane frå NAV. Rådmannen og NAV skal vere fast representant i utvalet. Samarbeidande instansar skal kallast inn etter behov. Kvar av utvalsmedlemmene kan be om at tvistesaker vert lagt fram for styret til avgjerd.
8. Anna:
Knarvik Industri og Miljø AS skal til ei kvar tid tilfredstille dei krav som NAV stiller for drift av tiltak Der ikkje anna er nemnd , gjeld reglane i aksjelova.

Arkiv: FE-033
JournalpostID: 32T
Saksbehandlar:
Dato: 03.06.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
015/20	Valnemnda	10.06.2020

Val av styremedlemmar og varamedlemmar til Lindås tomteselskap AS

Valnemnda sitt framlegg til vedtak:

Medlemmar til styre i Lindås tomteselskap er:

- .
- .
- .

Leiar:

Nestleiar:

Vara:

- 1.
- 2.
- 3.

Revisor:

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i velnemnda

Saka skal avgjerast i generalforsamling Lindås Tomteselskap AS

Bakgrunn

Generalforsamlinga for Lindås Tomteselskap skal velja styre i møte 11.06.2020.

Det skal vera eit styre på 5 medlemmar. Funksjonstida i styret er 2 år. 3 står på val i partalsår, 2 står på val i oddetalsår.

Det skal veljast 3 vara til styret.

Leiar, nestleiar og varamedlemmar vert valde kvart år av generalforsamlinga.

Det skal og veljast revisor. Noverande revisor er Helge Frosta.

Dei som står på val no er Erlend Kleiveland (nestleiar), Leidulv Brunborg (medlem) og Britt Karin Ormark (medlem).

Det skal og veljast varamedlemmar til styret, noverande vara er:

1. Jostein Hellestveit
2. Aashild Halland
3. Andreas Dyngen

Ikkje på val er:

Arnhild Hatland – styreleiar

Halvard Gjerdebakken – medlem

Det skal og veljast leiar og nestleiar for 1 år.

Vedlegg i saken:

03.06.2020 Vedtekter LT

1399828



LINDÅS
TOMTESELSKAP AS

VEDTEKTER

(sist endra 23.05.13)

§ 1

Selskapet sitt namn er LINDÅS TOMTESELSKAP AS.

§ 2

Selskapet sitt kontor er i Lindås kommune.

§ 3

Selskapet si målsetjing er å erverva areal, planleggja, tilretteleggja og omselja nærings- og bustadtomter i Lindås kommune, og elles ivareta kommunen si forretningsinteresse i utbyggingsområda.

Selskapet kan og stå for oppføring og utleige av næringsbygg samt driva eller delta i anna verksemd med føremål å fremja næringsutvikling, herunder også rådgjevingsteneste.

Som ledd i den sosiale bustadbygginga kan selskapet ta på seg å oppføre bustader både med sikte på sal og utleige.

§ 4

Aksjekapitalen er på kr 3.100.000,- delt på 3.100 aksjar à kr 1.000,-.

§ 5

Selskapet skal ha eit styre på 5 medlemar. Funksjonstida for medlemane i styret er 2 år. Tre står på val i år som kan delast på to. To står på val i årstal med oddetal. Det skal veljast 1., 2. og 3. varamedlem til styret. Leiar, nestleiar og varamedlemmer vert valde kvart år av generalforsamlinga. Styret tilset dagleg leiar og gjev prokura.

§ 6

Så lenge Lindås kommune er eieaksjonær, skal aksjonæren vera representert på generalforsamling ved Formannskapet i formannskapsmøte.

§ 7

Ordinær generalforsamling skal haldast kvart år innan utgangen av juni månad.

Den ordinære generalforsamlinga skal handsama:

1. Fastsetjing av resultatrekneskapan og balansen.
2. Fastsetjing av årsoverskotet eller dekking av underskotet etter den fastsette balansen, og om utdeling av utbytte.
3. Andre saker som etter lova eller vedtektene høyrer under generalforsamlinga.

Isdalstø 23.05.2013

Arkiv: FE-033
JournalpostID: 32T
Saksbehandlar:
Dato: 02.06.2020

Saksframlegg

Saknr.	Utvalg	Møtedato
016/20	Valnemnda	10.06.2020
	Alver kommunestyre	

Val av medlem i styret til Nasjonalforeningen Meland helselag 2020-2023

Valnemnda sitt framlegg til vedtak:

Følgjande medlem med varamedlem vert valde:

Medlem:

Varamdlem:

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i valnemnda

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Arkiv: FE-033
JournalpostID: 32T
Saksbehandlar:
Dato: 02.06.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
017/20	Valnemnda	10.06.2020
	Alver kommunestyre	

Val av utsending til årsmøtet i stiftinga Nordgardsløa 2020 - 2023

Valnemnda sitt framlegg til vedtak:

Følgjande utsendingar til årsmøte vert valde:

- 1.
- 2.

Med varautsendingar:

- 1.
- 2.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i valnemnda
Saka skal avgjerast i kommunestyret

Arkiv: FE-242
JournalpostID: 32T
Saksbehandlar:
Dato: 28.05.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
018/20	Valnemnda	10.06.2020
	Alver formannskap	

Val av styre til David Johnsens fond for ungdom til vidare utdanning

Valnemnda sitt framlegg til vedtak:

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i valnemnda
Saka skal avgjerast formannskapet

Bakgrunn

David Johnsens fond for ungdom til vidare utdanning skal ha eit styre på 3 medlemmar oppnemnd av Radøy formannskap. Oppnemninga av styret føl valperioden.

Det er ikkje vald nytt styre etter kommunesamanslåinga.

Vedlegg i saken:

28.05.2020 David Johnsens fond for ungdom til vidare utdanning - 1398066
vedtekter



RADØY KOMMUNE

NOTAT

Statuttar

for

David Johnsens fond for ungdom til vidare utdanning

§ 1

Fondet er skipa i medhald av skomakarmeister David Johnsens testatente av 16. august 1950.

Desse statuttane kjem i staden for fondets statuttar av 11. april 1961. Fondet er underlagt lov av 23. mai 1980 nr. 11 om stiftelser m.m.m og tilhøyrande forskrifter.

§ 2

Fondets kapital er på kr. 252.746,57 pr. 1. januar 1985 som er plassert i bank. Grunnkapitalen med tillegg som nemnt i § 4, må ikkje minkast.

§ 3

Fondet har til føremål å yta hjelp til ungdom frå Radøy kommune til vidaregåande skule og studier, i første rekkje innan handverks-, handels- og landbruksfag.

Personar som høyrer til testator si slekt og som er fødte i Radøy kommune, og busett både i og utanfor Radøy, har førerrett til midlar frå fondet dersom dei elles fyller vilkåra for å verta tildelt porsjonar frå fondet.

§ 4

Etter administrasjonsutgiftene er dekkja og minst 10% av avkasninga er lagt til fondets kapital, vert det delt ut eit høveleg tal legatporsjonar kvar på 3000,-.

Legatporsjonane vert delt ut ein gong pr år innan 1. desember etter kunngjering i lokalavisene i Nordhordland og ei dagsavis i Bergen.

§ 5

Fondet vert styrt av eit styre på 3 personar oppnemnd av Radøy formannskap. Oppnemninga av styret skal følgja valperioden.

Skulesjefen skal vera forstandar for fondet. Forstandaren kan få ei årleg godtgjering etter innstilling frå styret og med godkjenning av fylkesmannen.

§ 6

Rekneskap for fondet vert å leggja fram kvart år innan utgangen av februar månad og skal sendast fylkesmannen i revidert stand.

Arkiv: FE-223, HistSak-
15/1455
JournalpostID: 32T
Saksbehandlar:
Dato: 28.05.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
019/20	Valnemnda	10.06.2020
	Alver kommunestyre	

Val av styre til samelegat for Lindås kommune

Valnemnda sitt framlegg til vedtak:

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i valnemnda
Saka skal avgjerast i kommunestyret

Bakgrunn

Samelegat for Lindås kommune skal ha eitr styre som er samansett slik:

- Ordføraren i Lindås
- Rådmannen i Lindås
- Lensmannen ii Lindås og Meland
- To representantar valde frå kommunestyret i valmøtet (4 år).

Det er ikkje vald nytt styre etter kommunesamanslåinga.

Vedlegg i saken:

20.05.2020 Samlelegat for Lindås kommune - vedtekter

1394639

**Vedtekter
for
Samlelegat for Lindås kommune**

§1

Namn

Legatet heiter” Samlelegat for Lindås kommune”

Det er samansett av desse tidlegare legata:

Charles Hillands minde 2%

Berge og Severine Lilleoxes legat 4%

Martha og Baste Lies legat 17%

Nils Larsen og kona Kari Johndtr.Sæims legat 21%

Amalie Alver Olsens legat 56%

§2

Kapital

Kapitalen pr. 01.01.01 er kr. 466942

Minimum ein femdel av rentene skal tilførast grunnkapitalen kvart år.

Styret har ansvaret for at grunnkapitalen vert plasserast på ein forretningsmessig god måte.

§3

Føremål

Styret kan kvart år dela ut fire femdelar av renteinntektene til desse føremåla:

Til familiar i Lindås kommune som på grunn av ulukke,sjukdom eller andre uheldige omstende har kome i ein vanskeleg økonomisk situasjon

Til personar i kommunen som innan landbruket utviklar ny næring knytt til garden

Til personar som arbeider med utgjeving av bygdebøker i kommunen.

§4

Styret

Styret er samansett slik:

Ordføraren i Lindås

Rådmannen i Lindås

Lensmannen i Lindås og Meland

To representantar valde frå Kommunestyret i valmøtet (4 år)

Ordførar, rådmann og lensmann er faste medlemmer, og ordføraren er styreleiar.

Lindås kommune fører rekneskapen og syter for årsoppgjer og revisjonsrapport.

§5

Årsmelding og rekneskap

Styret legg fram årsmelding og revidert rekneskap for kommunestyret , og sender

årsoppgjer og revisjonsrapport til fylkesmannen.

§6

Endring av statuttar

Endring av statuttar og eventuell omdisponering av legatet, vert gjort av styret.

Arkiv: FE-241, HistSak-09/11
JournalpostID: 32T
Saksbehandlar:
Dato: 28.05.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
020/20	Valnemnda	10.06.2020
	Alver kommunestyre	

Val av styret til stiftelsen Olaug og Reidar Rambergs Legat

Valnemnda sitt framlegg til vedtak:

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i valnemnda
Saka skal avgjerast i kommunestyret

Bakgrunn

Stiftelsen Olaug og Reidar Rambergs legat skal ha eit styre på 3 medlemmar oppnemnda av Meland kommunestyre for 4 år av gangen. Styret vel sjølv sin leiar.

Det er ikkje vald nytt styre etter kommunesamanslåinga.

Vedlegg i saken:

26.05.2020 Vedtekter Rambergs Legat 2009

1396924

REGISTRERT I	
STIFTELSESREGISTERET	
SAKNR 09/03842	DOK NR 4
16 MAR 2010	
ORG NR 994 469 592	MED

VEDTEKTER FOR STIFTELSEN OLAUG OG REIDAR RAMBERGS LEGAT.

§ 1 – Navn.

Stiftelsens navn er *Olaug og Reidar Rambergs Legat* og er en alminnelig stiftelse.

§ 2 – Formål.

Stiftelsens formål er å yte tilskudd til beste for gamle og unge funksjonshemma i Meland kommune over en periode på inntil 20 år.

§ 3 – Grunnkapital.

Stiftelsens grunnkapital er NOK 3.063.546.

§ 4 – Styre.

Styret skal bestå av 3 medlemmer. Stiftelsens styremedlemmer oppnevnes av Meland kommunestyre for fire år ad gangen. Stiftelsens styre velger selv sin leder.

§ 5 – Myndighet og ansvar.

Styret er stiftelsens øverste organ.

Forvaltning av stiftelsen hører under styret.

Styret skal sørge for at stiftelsens formål ivaretas og at utdelinger foretas i samsvar med vedtektene. Styret skal påse at regnskap og formuesforvaltning er gjenstand for betryggende kontroll.

§ 6 – Inhabilitet.

Et styremedlem må ikke delta i behandlingen eller avgjørelsen av spørsmål som har slik særlig betydning for ham eller henne selv eller for hans eller hennes nærstående, at vedkommende må anses for å ha en fremtredende personlig eller økonomisk særinteresse i saken.

Et styremedlem kan heller ikke delta i saksbehandlingen eller avgjørelsen når han eller hun har stilling eller tillitsverv i en privat eller offentlig institusjon, organisasjon eller et foretak som har økonomisk eller annen fremtredende særinteresse i saken, eller når han eller hun i slik egenskap tidligere har deltatt i behandlingen av saken.

§ 7 – Representasjon utad.

Styret representerer stiftelsen utad.

Styret kan gi styremedlemmer alene eller i fellesskap rett til å representere stiftelsen utad. Styret kan når som helst kalle tilbake slik fullmakt.

§ 8 – Godtgjørelse.

Styret fastsetter godtgjørelsen til styremedlemmene. Godtgjørelsen skal stå i rimelig forhold til det arbeid og ansvar som følger med vervet. Stiftelsestilsynet kan sette ned godtgjørelse som er urimelig høy.

§ 9 – Revisor.

Stiftelsen skal ha en registrert eller statsautorisert revisor. Revisor velges av Meland Kommunestyre.

§ 10 – Forvaltning av stiftelsens kapital.

Stiftelsens kapital skal forvaltes på en forsvarlig måte, slik at det til enhver tid tas tilstrekkelig hensyn til sikkerheten og muligheten for å oppnå en tilfredsstillende avkastning for å ivareta stiftelsens formål.

Stiftelsens overskudd etter eventuell overføring til grunnkapital blir etter styrets nærmere beslutning å anvende til formål angitt i § 2.

§ 11 – Utdeling fra stiftelsen.

Utdeling av stiftelsens midler vedtas av styret.

Utdelingene skal være i samsvar med stiftelsens formål.

Styret bestemmer hvor stor del av midlene som til enhver tid skal anvendes.

Det skal ikke foretas utdelinger fra stiftelsen på områder innenfor stiftelsens formål, hvor Meland kommune i lov eller forskrift er pålagt å yte tilskudd.

§ 12 – Forholdet til stiftelseslovgivningen.

For øvrig henvises til den enhver tid gjeldene stiftelseslovgivning.

Arkiv: FE-241
JournalpostID: 32T
Saksbehandlar:
Dato: 28.05.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
021/20	Valnemnda	10.06.2020

Val av representantar til Legat- og testamentstyre ved Meland sjukeheim

Valnemnda sitt framlegg til vedtak:

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i valnemnda

Saka skal avgjerast i

Bakgrunn

Legat- og testamentstyret vart oppretta av Meland kommunestyre 28.10.92.
Opprettinga vart gjort for å sikre forvaltning av testamenterte gåver og legatmidlar.

I utval for levekår sak 108/11 vart samansetting for styret med 4 faste medlemmar endra, og var for perioden 2011-2015 slik:
Medlem: 2 representantar frå politisk utval (ULK) og 2 representantar frå Eldreråd/råd for menneske med nedsett funksjonsevne (Fellesråd). Likeins var det val av tilsvarande tal varamedlemmar.

Leiar for Legat- og testamentstyret vert å avklare når styret vert konsituert.
Arbeidsområde for Legat og testamentstyret er forvaltning av midlar i tråd med retningsliner/føremål for dei einskilde legat og testament. Generelt er legat og testamentmidlane sine føremål retta mot ulike velferdstiltak for brukarar/pasientar innan omsorgstenesta.

Vedlegg i saken:

28.05.2020 Meland eldreråd - testament for Malvin Hylland 1398145

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland	FA-X47	19/1878

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
37/2019	Eldrerådet	PS	19.09.2019

Testament for Malvin Hylland

Vedlegg:

Særutskrift frå møte i Meland helselag 22.08.2019 - Testament for Mallvin Hylland - offentlig versjon

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Det ligg føre vedtak frå Meland helselag gjort i styremøte 22.08.2019 vedtk. testament d. 09.03.2009.

Eldrerådet vil gjere eit vedtak i saka som vert sendt til det nye rådet i Alver kommune.

Framlegg til vedtak:

Eldrerådet - 37/2019

ER - behandling:

Det vart halde møte i Trivselskomitéen 2. september 2019.

ER – samrøystes vedtak:

Meland eldreråd ber det nye rådet ta omsyn til det som heilt klart er testators siste vilje, og at midlane som blir delte ut blir nytta til tiltak i tidlegare Meland kommune.

Meland eldreråd ber også om at dei 4 personane som blir peika ut har tilknytning til tidlegare Meland kommune.



Vedkomande testament for Malvin Hylland 051023 5918 Frekhaug.

Val av 4 personar som saman med 1 person frå Meland helselag skal ha ansvar for tildelingar av den testamentariske gåva.

Historikk:

Malvin Hylland 5918 Frekhaug oppretta eit testament d. 09.mars 2009 der det går fram at alt han etterlet seg skal tilfalla Meland helselag. eland helselag skal oppretta eigen bankkonto, og kasserar i helselaget har fullmakt mot banken til å disponera kontoen.

Vurdering:

Utifrå formuleringane i testamentet er det ikkje sett nokon geografisk avgrensing av kvar midlane skal brukast, men det er heilt klårt at testator har meint at midlane skal brukast innafor det geografiske området som i 2009 utgjorde Meland kommune.

Ved skiping av Alver kommune må kommunen oppretta lovpålagde råd i samsvar med gjeldande forskrift. Korleis dette rådet (råda) skal vera samansett er p.t. uklart – men Meland helselag er opptekne av at dei 4 personane som skal peikast ut av dei nye råda skal ha tilknytning til Meland kommune.

Framlegg til vedtak:

Meland helselag ber dei nye råda ta omsyn til det som heilt klårt er testators siste vilje, og at midlane som blir delte ut blir nytta til tiltak i tidlegare Meland kommune.

Meland helselag ber også om at dei 4 personane som blir utpeika har tilknytning til tidlegare Meland kommune.

Framlegget samrøystes vedteke av Meland helselag i styremøte 22.08.2019



Arkiv: FE-033
JournalpostID: 32T
Saksbehandlar:
Dato: 28.05.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
022/20	Valnemnda	10.06.2020

Val av skjønnsmedlemmar for perioden 01.01.2021 - 31.12.2024

Valnemnda sitt framlegg til vedtak:

Følgjande framlegg til utval av skjønnsmedlemmar frå Alver kommune vert sendt Vestland fylkeskommune for endeleg avgjerd:

Bakgrunn

I kvart fylke skal det vera eit utval av skjønnsmedlemmar. Utvalet er felles for lagmannsretten, tingretten og jordskifteretten.

Etter skjønnsprosseslova § 14 skal fylkestinget nedsette eit utval av skjønnsmedlemmer etter framlegg frå tingrettane og kommunestyra.

Domsstolane meldar at dei har behov for skjønnsmedlemmar med kompetanse innan:

- Ulike sider av verdifastsetting, bruk og drift av fast eigedom
- Plan- og reguleringsprosessar
- Bygg- og anleggsverksemd
- Økonomi, revisjon og rekneskap

Jordskifteretten ynskjer at om lag ¼ av jordskiftemeddommarane og står i skjønnsmannsutvalet.

Arkiv: FE-033
JournalpostID: 32T
Saksbehandlar:
Dato: 28.05.2020

Saksframlegg

Saknr.	Utvalg	Møtedato
023/20	Valnemnda	10.06.2020

Val av meddommarar til Nord- og Midhordland jordskifterett for perioden 01.01.2021 - 31.12.2024

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Følgjande utval av meddommarar til Nord- og Midhordland jordskifterett vert vald for perioden 01.01.2021-31.12.2024:

Framlegget vert lagt ut til offentleg ettersyn i tida 10.juni – 24.juni jf.domstollova § 67.

Politisk handsaming

Jf.domstollova § 68 Skal valnemnda førebu valet, handsame søknad om fritak og koma med framlegg til val. Framlegget skal leggjast til offentleg ettersyn i minst to veker. Etter avgjerd i innvendingar og krav om fritak skal kommunestyret sjølv valja utvala av meddommarar.

Bakgrunn

I medhald av jordskiftelova § 2-5, jf.domstollova §§ 64 2.ledd og 65 2.ledd skal Alver kommune velja 30 jordskiftemeddommarar.

Det skal vera eit likt antal menn og kvinner med kunnskap i saker som jordskifteretten til vanleg har.

I nokre saker kan jordskifte skje i kombinasjon med skjønn. Det er av den grunn ynskje om auka sjønnskompetanse hos meddommarane.

Kommunen skal koma med framlegg om skjønnsmedlemmer som vert valde av fylkeskommunen. Det er ynskjeleg at om lag ¼ av jordskiftemeddommarane og står i skjønnsmannsutvalet.

Dei fleste saker medfører synfaring i skog og mark, dette set krav til normalt god helse og å kunne ta seg fram i terrenget.

Arkiv: FE-033
JournalpostID: 32T
Saksbehandlar:
Dato: 28.05.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
024/20	Valnemnda	10.06.2020

Val av meddommarar til Bergen tingrett for perioden 01.01.2021 - 31.12.2024

Valnemnda sitt framlegg til vedtak:

Følgjande utval av meddommarar til Bergen tingrett vert vald for perioden 01.01.2021-31.12.2024:

Framlegget vert lagt ut til offentleg ettersyn i tida 10.juni – 24.juni jf.domstollova § 67.

Politisk handsaming

Jf.domstollova § 68 Skal valnemnda førebu valet, handsame søknad om fritak og koma med framlegg til val. Framlegget skal leggjast til offentleg ettersyn i minst to veker. Etter avgjerd i innvendingar og krav om fritak skal kommunestyret sjølv valja utvala av meddommarar.

Bakgrunn

I medhald av domstollova § 65 skal Alver kommune velja to utval av meddommarar, eit for kvinner og eit for menn, til Bergen tingrett.

Alver kommune skal velja 48 kvinner og 48 menn.

Det vart lagt ut annonse på Alver kommune 30.04.2020 der ein ber folk melda seg eller andre som meddommar. Det er og annonsert i lokale nattaviser. Frist var 18.mai.

Domstolane ber kommunane auka andel yngre meddommarar og personar med innvandrarakgrunn.

Krav til meddommarane er m.a.:

- Alder ved valperioden sin start, over 21 år og under 70 år
- Norsk statsborger eller innførd i folkeregisteret som busett i Noreg siste 3 år
- Folkeregistrert i Alver kommune
- Personleg eigna
- Norsk kunnskap
- Vandel
- Ha noko digital kompetanse

Same person kan ikkje vera meddommar i både lagmannsrett og tingrett jf.domstollova § 68

3.ledd.

Arkiv: FE-033
JournalpostID: 32T
Saksbehandlar:
Dato: 28.05.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
025/20	Valnemnda	10.06.2020

Val av meddommarar til Gulating lagmannsrett for perioden 01.01.2021 - 31.12.2024

Valnemnda sitt framlegg til vedtak:

Følgjande utval av meddommarar til Gulating lagmannsrett vert vald for perioden 01.01.2021-31.12.2024:

Framlegget vert lagt ut til offentleg ettersyn i tida 10.juni – 24.juni jf.domstollova § 67.

Politisk handsaming

Jf.domstollova § 68 Skal valnemnda førebu valet, handsame søknad om fritak og koma med framlegg til val. Framlegget skal leggjast til offentleg ettersyn i minst to veker. Etter avgjerd i innvendingar og krav om fritak skal kommunestyret sjølv valja utvala av meddommarar.

Bakgrunn

I medhald av domstollova § 64 skal Alver kommune velja to utval av meddommarar, eit for kvinner og eit for menn, til Gulating lagmannsrett.

Alver kommune skal velja 16 kvinner og 16 menn.

Det vart lagt ut annonse på Alver kommune 30.04.2020 der ein ber folk melda seg eller andre som meddommar. Det er og annonsert i lokale nattaviser. Frist var 18.mai.

Domstolane ber kommunane auka andel yngre meddommarar og personar med innvandrarakgrunn.

Krav til meddommarane er m.a.:

- Alder ved valperioden sin start, over 21 år og under 70 år
- Norsk statsborger eller innførd i folkeregisteret som busett i Noreg siste 3 år
- Folkeregistrert i Alver kommune
- Personleg eigna
- Norsk kunnskap
- Vandel
- Ha noko digital kompetanse

Same person kan ikkje vera meddommar i både lagmannsrett og tingrett jf.domstollova § 68 3.ledd.